



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for
lingvistiske, litterære
og estetiske studium

Jobbnorge-ID: 88851

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

STIPENDIATSTILLING ØYREMERKT FORSKING PÅ EKSTREME YTRINGAR PÅ VERDSVEVEN

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium er det frå 1. august 2013 ledig ei stipendiatstilling øyremerket forskning på ekstreme ytringar på verdsveven. Prosjektet må ta utgangspunkt i eitt eller fleire av fagområda ved instituttet (lingvistik, litteraturvitskap, digital kultur, klassiske fag (gresk, latin), kunsthistorie, nordisk og teatervitskap).

Hendingar dei siste åra har vist at nettekstremisme er meir utbreidd og meir alvorleg enn vi har trudd, og den opptre i mange ulike former og kontekstar. Det er forska lite på dette. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ønskjer å bidra med humanistisk forskning på feltet, og har øyremerket eit ph.d.-stipend til temaet ekstremistisk diskurs og retorikk i sosiale medium.

Prosjektet bør analysere eit utval av ekstremistisk diskurs på Internett, og søkjarane må grunngje valet av empiri i prosjektskildringa. Empirien kan vere norsk eller utanlandsk. Det kan til dømes fokuserast på eit utval bloggar, på kommentarar frå lesarar i nettaviser, på YouTube-videoar og kommentarar der, på diskusjonsforum, på manifest og eBøker, på Facebookgrupper, på biletbuk eller andre ekstremistiske uttrykk og kommunikasjonsformer på Internett.

Analysane kan fokusere på språk, retorikk, ideologi, visuelle verkemiddel, estetikk, diskurs eller sosiale nettverk. Søkjar må gjere greie for korleis omgrepet "-ekstremistisk-" vert tolka i prosjektet og kva for teoretisk rammeverk som vert lagt til grunn. I utgangspunktet er alle former for ekstremisme interessante, anten det er på høg- eller venstresida, eller ekstremisme som ikkje er knytt til det etablerte politiske spennet, til dømes kjønn, miljø, religion eller dyrevern. Granskingar som ser på historisk utvikling, kan også vere interessante, anten ved å bruke arkivert materiale frå nettet, følgje ei utvikling over tid, eller å samanlikne nett-diskursar med ekstremistisk diskurs eller ekstremistiske uttrykk i historiske medium.

Kvalifikasjonskrav

- Ein må ha hovudfag/mastergrad eller tilsvarande utdanning på det aktuelle fagområdet.
- Graden må vere oppnådd før søknadsfristen er ute.
- Prosjektet må vere knytt til ei av forskargruppene ved instituttet, sjå: <http://www.uib.no/le>.
- Namnet på hovudrettleiar må oppgjevast i søknaden. Han eller ho må vere tilsett ved LLE. Kontakt forskingsleiaren ved instituttet, Tor Trolie for dette (sjå nedanfor).

Om stillinga

Samla tilsetjingsperiode er fire år, og utdannings- og forskingsdelen av stillinga utgjer tre år. Undervisning og/eller forskingsadministrativt arbeid utgjer inntil eitt år og vert avtalt med instituttet ved tilsetjing.

Tilsetjing i stipendiatstilling krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, og rettar seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Løn

Løn etter lønnssteg 50 (kode 1017/LR 20/alt. 8) i statens lønsregulativ (for tida: NOK 416.300 årleg). Vidare opprykk etter tenesteansiennitet i stillinga. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til medlemskap i Statens pensjonskasse.

Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til forskingsleiaren Tor Trolie, tlf. 55 58 29 65, e-post: tor.trolie@lle.uib.no eller rådgjevar Håvard Peersen tlf. 55 58 20 58, e-post: havard.peersen@lle.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan gjerast offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Slik søker du

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN». Søkjaren må nytte det elektroniske CV-skjemaet. I tillegg må dette følgje søknaden:

1. Prosjektmøte (inntil 5 sider)
2. Framdriftsplan for prosjektet
3. Litteraturliste for prosjektmøtet
4. Eit kort samandrag av hovudfagsoppgåva/masteroppgåva (inntil 3 sider)
5. Vitnemål frå universitet/høgskole (skanna versjon)
6. Liste over vitenskaplege arbeid (bøker/artiklar)

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

I tillegg gjeld følgjande krav: <https://www.uib.no/hf/artikler/2009/04/veiledning-for-sokere-til-stipendiatsoknader>

Søklarane kan be om å få vurdert inntil 3 vitenskaplege arbeid. 3 eksemplar av kvart arbeid skal sendast til Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Vitnemål og eventuelle vedlagte vitenskaplege arbeid må vere på eit skandinavisk språk eller engelsk. Vitenskaplege arbeid og omsetjingar av vitnemål må vere instituttet i hende før søknadsfristen går ut.

Spørsmål som gjeld den elektroniske søknadsprosedyren, skal rettast til Det humanistiske fakultet, e-post: post@hf.uib.no

Søknadsfrist 15. januar 2013

Merk søknaden med: 12/13239

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: